

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Evanger

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Ekesingedalen

Oppskr. av: Ingvald Gullbrå

Gard: Gullbrå

(adresse): Ekesingedalen.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter ugi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Framgangs måten under omring er ein både på store og små bruk. Det er vanleg å slå i utmarka, og utmarkslåttene er godt utnyttede også i dag. Dette gjeld såvel store som små bruk.

Den mann som ingen hest har ber høyet sett på log, men som oftast får han låna hest hjå naboen hvis denne ikkje brukar den sjøl.

Når ein fraktar gras til hus eller turkeplass, der det er stiumt og bratt lende legg ein det på bendel. Er det flatt bakke og graset legg ovanfor turkeplassen legg ein det på sloe.

Turkehøy som skal til loda eller stakke legg ein på tog og ber fram, - eller sloar det hvis terunget tullet det. Når ein ber gras på bendel, kallast det å bera på bendel. Brukast det sloe hiter det å sloa. Ein mann klarer draga eit hestelass på sloe. Når det skal lagast ein stor sloe, må det leggjast tvo grime rike ung bjørker på marki. Disse ung bjørkene (slobuskene) blir helst bøya opp ved rot enden, som ein

Slidemui. Fyrst legg ein ei stor fenje, framme på tuers av slobuskene, og bakenfor den, ei dobbel rad med fenjer hilt ut mot toppane.

Uppå den dobbelte radi legg ein so ei enkelt rad, slik at fenjerne vert bundne i saman, sloen kan då ikkje dela seg under transporten. På den måten legg ein rad etter rad med fennger, inntil sloen har den storlek ein ynskjer. Ein god sloe skal alltid vera lagd høgare framme enn bakt.

Ein bendel lagast av tvo myrke björketoppar. Topparne knyter ein saman. Når byrda er lagd snører ein bendelen rundt, inntil tjukk endane av bendelen møtest ein held so endane saman med eine handi, stemmer ryggen mot byrda og reiser seg. Eller at ein har rivst seg er det ikkje nødvendig å halda i den ende av bendelen som stikk opp mellom byrda og ryggen, men berre i den som ligg over byrda. Ei byrda lagast på same måten anten den vert lagd på loy eller bendel. Dei aller fleste held loyet over oksli under høypering, men hvis byrda sig ned og kniler på baken hjelper det å halda loyet over hovudet, ein kann då vippa byrda opp litegrad. Den som skal reisa seg med tung høyper må stundom ha hjelp, hjelpes mannen stund då bakt og litar i byrda. Høypering er mannfolk arbeid, men kvinnfolka er med når det røymer på. Barna er også med, dei vil gjerne syne vaksne folket at dei kann bera dei med.

Rodde og kipa har ikkje vore i bruk til gras eller høytransport her i dalen.

Løypstring brukast av mange. Det kan vel vera sirka femti år sida den fyrste løype string vart teken i bruk her opp i dalen.

Trillebør eller hjulbåra (ii) til gras transport har vore i bruk til nylig. Konstruksjonen på hjulbåra var forskjellig, somme hadde tvo hjul andre berre iitt. Hjul og aksling var av tre og hjuli stod fast på akslingen. Båra var laga av tvo 2.5 m lange bjørke lekter, til desse vart tverrbrett og hjulakslingen feste. Ein bjørkesvold bøyd i ein halvsirkel var sett med bogen opp bakover hjuli og endene feste til dei langs gåande lekter. Denne bøygde bjørkesvold gjorde tenst som sjerm Brett so at ikkje graset la seg på hjula.

Høyt frå utmarka vert kjøpt him på vinter føie. Til høykøring sumars dag brukast tvo slags køyreridskap, grinda-slede og tremiaslede. Tremiasleden vert til vanleg kalla tremiing (ein). Grinda-sleden er ein tvohjuls slede med fire grindar. Vanleg storleik på grindasleden er. lengde 2.5 m. breidd 1.30 m. Det brukast berre ein hest for desse køyreridskap. Tremiasleden, (tremiingen.) kallast slik av di den ingen skoning har. Sleden som brukast til vinter køyring har stalskoning, den er lengere og smal, ikkje så breid som tremiasleden. sirka 70 cm brei og 2.30 m lang. Den har flere navn. Gjernskoning, skoningslede og langlede.

Når ein lesser på fremming, legg ein fenjer og gyrdar dei fast med høytong. Vanleg less på ein fremmaslede er fjorten fenjer, det er same høymengde som i tvo sumarbyrdor. Når lasset er ferdig vert det gyrdet fast med høytong.

Togel ein gyrdar med kallast gyrdatog. Når lasset skal gyrdast kallast det å gyrdast lasset. Det er ingen forskjell på hovolda til byrda tog og gyrdatog. I ein høystakk der, det er 20 sumarbyrdor får ein 10 vettra byrdor. Ein får den dobbelte høymengde på byrdatogel når høyet har ligget pressa i loda eller stakk.

I ull vettra lass koger ein tvo vettra byrdor, tilsvarande fire sumarbyrdor.

Ved felleslitt er det skikk og bruk at dei som har slåben i lag onnar på same tid og er i lag under transporten heim i vinteren.

Høyet vert då delt i byrdor. Den bestemmer høydagen som fyrst slepp opp for marka hø. Høy frå stakk eller lodor som skund høgt opp i bralle lider der det ikkje går an å koma til med hest, må leggjast i byrdor og sloast fram. Då er det som oftast tre mann um arbeidet. Arbeidet vert ordna såvis. Ein mann riv laust høy frå stakken, den andre laga fenjer og den tredje lagar byrda. Når byrda er ferdiglagd må den gyrdast bers grundigt, for ellers

vil den gå sund under transporten  
 To mann gjerder av alle krefter, og ein  
 hoppar og trampar på byrda. Deretter vert  
 tvo og tvo byrder bundne i samann til ein  
 sloe, og dei vert so sloa med ether lidi.

Er det passe bratt kann ein mann  
 draga både tvo og tri sloar som er saman  
 bundne, men er det svært bratt må  
 det festast ei fogline i sloen, tina vert  
 so slengd rundt ein staur eller stubbe  
 og ein man set til å bremsa sloen.

Ne sejer ikkje i dette høve, å bremsa  
 sloen, men å streka sloen. Stauren som  
 foglina er slengd rundt kallast for strek.

Ein slik høydag går arbeidet med  
 ein viss fart, for slakken skal i hus til  
 kvelden kjem. Det hjelper ikkje um slakken  
 er aldrig så stor, og um regn er bratt  
 og kronget. Slakken må og skal i hus


Slike høydager kann stundom vera  
 svært brogtande, men til gjengjeld so  
 vert no høvkarane brakterte med reine  
 gjestebods kosten.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

642



Hjulbära til grastransport



Høytong som ein gylder  
lasset med.



slobusker.



ein sloe.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKNING  
MUSEUM  
BYGDY

642

NORSK ETNOLOGISK GRANSKNING